



Etter positiv uttale frå ymse hald har Fylkesmannen gjeve løyve til Sjøtroll Havbruk i Bekkjarvik for utslepp til luft og vatn for produksjon av 4 680 tonn MTB matfisk av laks og aure utanfor Skorpo. Anlegget vil bli utvida frå 3 120 tonn. Løyvet er ikkje gyldig før fylkeskommunen har gjeve løyve etter akvakulturlova.

Kommunen finn heller ikke grunnlag for å frarå søknaden. Løyvet gjeld og for utslett frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er sett vilkår for handtering av fiskeavfall og anna avfall, men det gjeld ikkje for slakting, sløyving og foredling av fisk.

Fylkesmannen peikar på at negative miljøpåverknader isolert sett er uønskt. Sjøtroll pliktar å redusera utsleppa så langt som mogeleg utan urimelege kostnader og pliktar å unngå unødvendig forureining.

Utvidinga ligg i samband med akvakulturområde i gjeldande kommuneplan. Det ligg mest innanfor men strekk seg og utanfor området. Det er ikkje funne urimeleg risiko for skade på økosystemet utanfor anlegget si nærsone. Men det er stor produksjon og tilsvarande fare for auka belastning i nærsone.

Fylkesmannen ser at det kan vere ein risiko for miljøtilstanden

under merdane med ein så stor produksjon, men har vurdert dette i eit større perspektiv. Det er tenleg at oppdrettarane følger opp tiltaksplanen og då kan det bli større men færre anlegg.

Av Ola Matti Mathisen